

Mandat – Regionalt fagnettverk for habilitering

Bakgrunn

Innanfor fagområdet habilitering har det gjennom fleire år vore gjort eit godt fagleg utviklingsarbeid gjennom ulike nettverk. Nettverka har hatt ulike utgangspunkt og forankringar, og har kvar for seg vore viktige og nyttige. Det er likevel ønskeleg med ein meir samla struktur, med felles forankring, styring og samordning av nettverka. Etablering av eit overordna regionalt fagnettverk innanfor habilitering vil kunne ivareta dette. Arbeid i eksisterande nettverk kan ved behov vidareførast som undergrupper/ arbeidsgrupper.

I den [regionale planen for habilitering og rehabilitering, innsatsområde 3](#) (vedtatt av styret i Helse Vest 30.09.2021, sak 86/21) er eit av tiltaka samhandling i regionalt fagnettverk for legar og andre faggrupper innanfor habilitering på tvers av helseføretaka.

Eit overordna regionalt fagnettverk for habilitering vil vere i samsvar med kriterium for regionale fagnettverk i Helse Vest.

Formål

Regionalt fagnettverk for habilitering skal omfatte både habilitering for barn og unge (HABU) og habilitering for vaksne (HAVO). Nettverket skal ha ulike faglege undergrupper/arbeidsgrupper etter skiftande behov.


Formålet er at nettverket bidrar til samordning, styring og oversikt over fagleg utviklingsarbeid. Nettverket skal legge til rette for tverrfagleg samhandling om fagutvikling og kvalitetsforbetring (jf. regional plan).

Oppgåver

- Legge til rette for samarbeid om fagleg utvikling og felles kompetanseoppbygging i HABU og HAVO på tvers av helseføretaka
- Bidra til kunnskapsbasert praksis og likeverdige helsetenester og ha merksemd på kvalitet, pasienttryggleik og læring av kvarandre
- Vidareutvikle og samordne regionale pasientforløp og rutinar
- Legge til grunn regional plan for habilitering og rehabilitering og andre overordna føringar som til ein kvar tid gjeld

Organisering og samansetting av nettverket

Nettverket skal drivast i eit samarbeid mellom Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering og leiarane for einingane for habilitering for barn og unge (HABU) og for vaksne (HAVO) i helseføretaka (gjennom eit regionalt leiarmøte for habilitering). Nettverket har ansvar for å etablere og avvike arbeidsgrupper.



Funksjonen som nettverkskoordinator blir lagt til Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, som får ansvar for å:

- Initiere, koordinere og leie arbeidet, inkl. å legge fram saker for leiarane for habilitering i helseføretaka
- Utarbeide tidsavgrensa mandat for arbeidsgruppene. Av mandata skal dei faglege utviklingsoppgåvene gå fram
- Hjelpе arbeidsgruppene med å fasilitere møte, utforme handlingsplanar og samanfatte felles årsrapport
- Arrangere eventuelle regionale fagsamlingar

Leiarar for habilitering i helseføretaka har saman med nettverkskoordinatoren ansvar for:

- Etablering og avvikling av arbeidsgrupper med spesifikke mandat/oppgåver i takt med behov i fagmiljøet og ut frå kor mange arbeidsgrupper det er hensiktsmessig å ha samtidig.
- Utpeiking av leiarar for arbeidsgruppene
- Årsrapportering til Helse Vest

Arbeidsgrupper

Alle helseføretaka deltar med fagpersonar frå HAVO og HABU ut frå tema for arbeidsgruppa.

Nettverket sørger for brukarrepresentasjon. Nettverket vurderer å invitere med relevante private tenesteleverandørar som har avtale med Helse Vest RHF og kommunerepresentantar.

Arbeidsgruppeleiar har ansvar for fagleg framdrift og utarbeiding av handlingsplan og årsrapport for gruppa, i samråd med nettverkskoordinator. Gruppemedlemer har ansvar for det faglege innhaldet i arbeidsgruppene.

Finansiering

Helse Vest finansierer Regionalt fagnettverk for habilitering med 400 000 kr per år til koordinering, gruppeleing, dekking av deltakarkostnader for brukarar, og til gjennomføring av regionale møte og fagsamlingar mm. Møte skal i hovudsak gjennomførast digitalt.

I tillegg finansierer Helse Vest 600 000 kr per år til det særlege behovet (jf. innsatsområde 3 i regional plan for habilitering og rehabilitering) for å stimulere til kompetanseutvikling ved HABU og HAVO i dei fire helseføretaka. Bruken av midlane kan tilpassast til dømes særskilte satsingar i nettverket, eller fordelast likt mellom einingane (75 000 kr til kvar eining, dvs. 150 000 kr til kvart HF).

Forvaltninga av midlane blir lagt til kompetansesenteret som koordinator for fagnettverket, i samarbeid med leiarane for habilitering i helseføretaka. Til saman 1 mill. kr årleg blir overført til Helse Bergen ved Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering som har koordinatorfunksjonen.

Alle helseføretaka, og eventuelle private leverandørar, må bidra til arbeidet i det regionale fagnettverket og i arbeidsgrupper, og dekke nødvendige utgifter for eiga deltaking.

Varigheit

Nettverket skal bli evaluert etter 3 års drift for å vurdere behovet for vidareføring og eventuelle justeringar av mandatet.

Rapportering

Nettverket skal rapportere årleg innan 31. januar til Helse Vest RHF i regional rapporteringsmal. Rapporteringa skal innehalde ei kort beskriving av:

- Aktivitet i løpet av året; møteaktivitet, oppgåver, eventuelle oppdrag til nettverket
- Planlagt aktivitet kommande år
- Kort vurdering av arbeid i nettverket og nytten av dette, jf. mandatet, ev. forslag til justering av mandat